



Styremøte 28.11.2023

Dato: 28.11.23

Tid: 18:30-21:10

Sted: Teams

Tilstades, på Teams: Sivert Helland, Beatrice Bjørkedal, Turid Sættem Eggen, Tove Hundset, Allan Longva, Randulf Tverfjell, Reidar Strand, Astrid Nerhus Dale

Forfall: Bård Andreassen, Ole Mathias Risvik, Svein Dalen, Christina Bjerknæs

Fra administrasjonen: Monica Malmedal, Kristian Kallmyr Lerheim

Frå valkomiteen: Hans Bjarne Tennøy og Oddbjørn Opstad

Sak 77/11.23 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:

Innkalling godkjent.

Sak 78/11.23 Godkjenning av referat frå styremøte 24.10.23

Referat frå styremøte 24.10.23 leggest fram til godkjenning av styret.

Vedtak:

Referatet frå 24.10.23 godkjent.

Munnlege orienteringar:

- Valgkomiteen
- Økonomi og status midlar/tilskot
- Medlemstal
- Jakterrenget på Frei
- Oppsummering tillitsvalsamling
- Sportsfiskekonferansen 2023

Sak 79/11.23 Matsservering ved arrangement

Fiskeutvalet har lagt fram eit ønske om vedtak rundt matsservering på arrangement i regi av NJFF Møre og Romsdal. Dette gjeld spesielt oppdrettslaks frå opne havbaserte anlegg, då dette vil gi eit tydeleg signal på NJFF står for i samsvar med landsmøtevedtak. Som tilleggsinformasjon kan det opplysast om at laks frå lukka eller landbaserte anlegg er innanfor då dette samsvarar med intensjonane til NJFF. Medlemmar har i stigande grad etterlyst tydelege signal rundt dette, spesielt vedrørende aktuelle saker både lokalt og nasjonalt.

Forslag til vedtak:

NJFF Møre og Romsdal skal gi eit tydeleg signal på at det ikkje skal serverast oppdrettslaks til måltider på sine arrangement, med mindre denne kjem frå lukka eller landbaserte anlegg.



Behandling:

Med bakgrunn i diskusjonen i styret, endra forslagsstillingar ordlyden i forslaget til vedtak undervegs i møtet og foreslo at det skulle stå 'oppdrettsfisk' i staden for oppdrettslaks.

Vedtak:

NJFF Møre og Romsdal skal gi eit tydeleg signal på at det ikkje skal serverast oppdrettsfisk til måltid på sine arrangement, med mindre denne kjem frå lukka eller landbaserte anlegg.

Sak 80/11.23 Tilgang til styredokument

Det har tidlegare vore diskutert å opprette ei skybasert mappe tilgjengeleg for styret med oversikt/tilgang til diverse styredokument. Dette kan blant anna vere møteinnkallingar, referat, instruksar, ulike malar, søknadar etc. Med dagens praksis er ein sjølv ansvarleg for å lagre og sortere dokument, eller finne desse att i mailar. Noko som til tider kan vere utfordrande og tidkrevjande dersom ein nyttar ulike verktøy, pc, telefon, nettbrett. Det har tidlegare vore retta litt kritikk mot dokumenthandteringa til tidlegare ansatte, så vonar vi har og/eller kan få ein betre praksis på dette i dag.

Ser også at ei slik løysning vil kunne vere praktisk ved eventuelle utskiftingar av styremedlemmar, dersom dei skulle ønske å sjå tilbake i tid på kva som tidlegare har vore gjort.

Forslag til vedtak:

Administrasjonen opprettar ei digitalt tilgjengeleg mappe med oversikt over aktuelle styre- og utvalsdokument.

Behandling:

Regionsekretær viste til at referata ligg tilgjengeleg for alle i portalen. Det har vore oppretta noko liknande tidlegare, men som ikkje har vorte teke i bruk. Muleg fleire årsaker til det, men gjennomgåande har styremedlemmer ønska innkallingar, referat o.a tilsendt på epost. Regionsekretær viste til at det kan ver det som er minst arbeidskrevande for administrasjonen.

Vedtak:

Spørsmålet om oppretting av felles digital tilgjengeleg skybasert mappe for tillitsvalde i NJFF Møre og Romsdal blir utsett til 2024.

Sak 81/11.23 Kompetanseutvikling Regionsekretær

Styret har tidlegare vedtatt at vi skal legge til rette for at Regionsekretær skal kunne delta på arrangement som vil vere nyttige i form av kompetanseheving. Eksempel på dette er Villakskonferansen i Trondheim.

Under Tillitsvaltsamlinga såg vi at hund var eit sterkt undervurdert tema. Derfor ser Regionleiar det som nødvendig at Regionsekretær har den grunnleggande innsikta



som trengst for å både ivareta utvala, men ikkje minst vere kontaktperson for lokalforeiningane og kunne rettleie dei vidare.

Forslag til vedtak:

Styret legg til rette for at Regionsekretær skal prioritere å delta som observatør på Grunnkurs Hund 17.-18.02.24.

Behandling:

Regionsekretær ba om ordet og sa at om det er aktuelt med deltaking, vil ho delta som fullverdig kursdeltakar og ikkje berre observatør, slik at ho kan få dokumentasjon på oppnådd kompetanse. Styret støtta dette, m.a med bakgrunn i behov for styrking av slik kompetanse i regionlaget og mulighet for støtte til arbeidet i hundeutvalget.

Vedtak:

For å styrke kompetansen i administrasjonen innan fagfelt hund, deltek regionsekretær på kurset «Grunnkurs hund», 17. og 18.februar 2024.

Sak 82/11.23 Landsmøtesak – Sporio.no

Jaktutvalet legg fram utkast til landsmøtesak om Sporio.no/ettersøk.

Vedtak:

Saka blir utsett til neste styremøte.

83/11.23 Landsmøtesak - Storsviltprøve

Jaktutvalet legg fram utkast til landsmøtesak om forslag til endringar i dagens storsviltprøve.

Vedtak:

Saka blir utsett til neste styremøte.

84/11.23 Landsmøtesak - Småsviltprøve

Jaktutvalet legg fram utkast til landsmøtesak om skyteprøve for småsviltjakt.

Vedtak:

Saka blir utsett til neste styremøte.

85/11.23 Landsmøtesak – Medlemskontingent

Regionleiar legg fram utkast til landsmøtesak om fastsetting av medlemskontingent i tråd med gjeldande landsmøtevedtak.



Forslag til vedtak:

Saka leggst fram utan forslag til vedtak.

Behandling:

Regionleiar orienterte at det blir arbeidd med forslag i same sak frå andre regionlag og at han har ønske om snakke med desse for å førebu saka best mogleg.

Vedtak:

Saka blir utsett til neste styremøte. Regionleiar tek initiativ til dialog med andre regionlag ein veit arbeider med å førebu sak på dette til landsmøtet i 2024.

86/11.23 Landsmøtesak – E-læring fiskeravgift

Fiskeutvalet legg fram utkast til landsmøtesak om krav om e-læring før utløysing av fiskeravgift.

Vedtak:

Fiskeutvalet arbeider vidare med idèen om eit e-læringsprogram for fiskeavgifta og konkretiserer korleis dette kan byggast opp, kva det kan innehalde og korleis det kan gjennomførast, t.d via ein app. Forslaget blir lagt fram til styrebehandling.

87/11.23 Budsjett 2024

Forts. Sak 70/10.24:

Styret diskuterte kva større kostnadar ein ønskte å inkludere i budsjettet for 2024 som ikkje er å ann sjå som ordinære. Eksempel på dette var: landsmøtedeltaking, konferanseutstyr, rifle og sivkuttar. Desse skal leggst fram konkretisert med eit kostnadsoverslag. Ber om at dei som stod for forslaga førebur dette til møtet.

Vedtak:

Utvalga melder behov for utstyr/midlar med kostnadsoverslag til regionsekretær innan årsskiftet. Budsjettforslag blir utarbeida til styremøte i januar 2024, m.a på bakgrunn av innmelde behov og erfaringstal frå tidlegare.

88/11.23 Evaluering av behov for utval

Forts. Sak 71/10.23:

Under utvalssamlinga 11.10.23 hadde Regionleiar ein prat med dei fleste utvala med varierende tilbakemeldingar. Nokre utval hadde godt innarbeida rutinar for aktivitetane sine og la fokuset på fagpolitiske saker, andre utval utarbeida betre rutinar for planlegging og gjennomføring av aktivitetar, medan eit utval hadde planar å utslette seg sjølv ved å fjerne behovet for eit slikt utval.

Til felles hadde alle utvala gode målsetningar med store ønsker om både aktivitetar og fagpolitiske saker. Det som kanskje mangla var ei tydelegare delegering av ansvarsområder, då samlege av utvala dekker ganske store fagområder. Eit innspel var å enten sette av tid under styremøter til utvala eller ha eigne felles møter med



alle utvala for å skape betre kommunikasjon. Det var også ønskeleg å behalde utvalssamlingar der vi kunne møtast og planlegge aktivitetar på tvers.

Tankar frå Regionleiar: Med å redusere eller å fjerne utval for å eventuelle sette opp Adhoc/arbeidsutval ved behov er lite sannsynleg å auke aktivitetsnivået vårt. Truleg vil det føre til større arbeid ved å stadig innhente aktuelle personar. Det er då meir fornuftig at utvala sjølv hentar inn ekstern kompetanse dersom det trengst til f.eks fagpolitiske saker. Eit tiltak er å legge til rette for betre utvalssamlingar, f.eks mellom utvalsleiar og regionleiar, der ein har ein tydeleg agenda for samlinga med referat og oppfølging. Det er ingen tvil i at der er mykje kompetanse i utvala, dei må berre klare å utfolde seg betre, sjølv om vi er fullt klare over at ingen er profesjonelle aktørar men frivillige.

Vedtak:

Styret held fram med dagens oppsett av utval og vil vidare vere opne for råd frå utvala vedrørende endringar som kan bidra til betre arbeidsflyt.

Eventuelt:

- A. Årshjul 2024 – Status arbeid med å lage årshjul for 2024 v/utvala
- B. Status aktivitetar 2023 v/utvala
- C. Første styremøte etter årsmøtet i 2024
- D. Evaluering utval- og TV samling

Møtet slutt kl. 21.10

Turid Sættem Eggen
referent